

Årsmelding 2023





ØyVAR 20 år 2003–2023

Side 7–13

INNHALD

Dagleg leiar	4
Ny kommunedelplan	6
20 år med ØyVAR	7
Utbyggingsprosjekt.....	14
Vatn.....	20
Avløp	26
Renovasjon.....	30
Berekraft og miljøtiltak	34
Årsmelding og rekneskap	36



Vatn

Side 20



Avløp

Side 26



Renovasjon

Side 30

ØyVAR AS drifter vatn, avløp og renovasjon i Øygarden kommune. 50 årsverk sørger for å levere drikkevatt av svært god kvalitet, og tek hand om avløpsvatnet og reinsar dette. Vi sørger dessutan for tømning av private slamavskiljarar og samlar inn og legg til rette for gjenbruk av avfall.

ØyVAR byggjer ut nye anlegg for vassforsyning og avløpshandtering. Heile aktiviteten blir finansiert gjennom vass-, avløps- og renovasjonsgebyra.

AMBISJONAR

- Best på organisering av VAR-tenester i Noreg
- Best på kundeoppleving
- Nok drikkevatt av høg kvalitet
- Inga forureining som skader natur og miljø
- Berekraftig og kostnadseffektiv avfallshandtering
- Øygarden kommunes fremste miljøbedrift
- Mest attraktive VAR-arbeidsplass

DAGLEG LEIAR

Godt rusta for komande endringar og auka krav

Kommunestyret har i 2023 behandla fleire viktige saker, til dømes ny miljøstasjon på Straume, kommunedelplan for vatn og avløp og dessutan utprøving av ein ny gebyrmodell for renovasjon på Rong. For ØyVAR er det svært viktig å få støtte til desse sakene viss vi skal nå måla om meir utsortering av avfall, betre reinsing av avløp og auka leveringssikkerheit i vassforsyninga i heile kommunen.

Vi har lagt bak oss nok eit år med aukande renter og sterk prisvekst. Det påverkar kostnadene til både drift og nye utbyggingsprosjekt. Med sterk vilje til forbetringar i heile organisasjonen leverer ØyVAR ein rekneskap som syner at vi har hatt kontroll på kostnadene.

Endringar i rammevilkår

Våren 2024 vil det bli vedteke nytt avløpsdirektiv i EU. Det kan få store konsekvensar for Øygarden kommune. Vi veit at reinsekrava vil bli strengare, men det er uvisst korleis det nye regelverket vil slå ut for mindre anlegg. Det er forventa at forskrifta vil bli vedteken hausten 2024, og det blir spennande å sjå korleis ho vil påverke kommunen vår.

Sjølv om vi har gjort store investeringar dei siste 10–15 åra, ligg gebyra våre omtrent på gjennomsnittsnivået i Noreg. Store investeringar har ført til at vi har høgare gjeld knytt til vatn og avløp enn mange andre kommunar, men desse investeringane gir ØyVAR eit godt utgangspunkt for å handtere nye krav. Viss vi samanliknar oss med andre kommunar på same storleik, ser vi at vi har lågare driftskostnader og mindre bemanning enn dei fleste andre. Dette tyder på at ØyVAR blir drive effektivt.

Også innanfor avfall vil det skje store endringar i tida framover. Strengare krav til materialgjenvinning vil truleg føre til at restavfallet må sorterast ytterlegare i eit etter-sorteringsanlegg. Dette vil medføre ein auke i gebyra. Det er i dag valfritt om ein ønskjer å tilby ulike satsar på avfallstenestene. Klima- og miljødepartementet foreslår å innføre krav om differensierte avfallsgebyr for å gi hushalda insentiv til betre kjeldesortering. ØyVAR testar derfor ut ein ny gebyrmodell med differensierte satsar på Rong. Det blir interessant å sjå om denne modellen aukar sorteringa i heimane. Jo flinkare innbyggjarane er til å redusere restavfallet sitt, jo lågare blir gebyra.

Hovudtrekk i 2023

ØyVAR feira 20-årsjubileum i 2023. FjellVAR, som seinare blei til ØyVAR, blei nemleg etablert i 2003. Mykje har skjedd på 20 år. Då selskapet blei stifta, var 25 % av innbyggjarane i Fjell, Sund og Øygarden kopla til offentleg vatn. I dag er talet i overkant av 90 %. Fleire høgdepunkt finn du på dei neste sidene.

I november stengde miljøstasjonen på Straume, fordi det skal byggjast ny stasjon. I byggjeperioden må innbyggjarane klare seg med miljøstasjonen i Midtstegen.





Vi gler oss til den nye stasjonen på Straume er ferdig, og til å gi kundane våre ei betre oppleving og betre kjeldesortering. Det vil bli ombrukshall og lokale til å ta imot skuleklassar.

Arbeidet med Sotrasambandet er no godt i gang, og ØyVAR skal kople saman vassforsyninga med Bergen, slik at kommunane kan levere vatn til kvarandre. Det vil bidra til å sikre vassforsyninga i begge kommunar dersom noko uventa skulle skje.

Vi ser at energieffektivisering vil bli stadig viktigare framover, og selskapet har lenge arbeidd aktivt med å redusere forbruket. Sidan 2021 har ØyVAR redusert energiforbruket med 7 %, og vi jobbar kontinuerleg med å redusere det enda meir. Blant anna vil eit nytt driftsovervakingsystem bli viktig for å optimalisere pumpedrift og andre energikrevjande prosessar. Vi samarbeider med Bergen kommune om felles innkjøp av driftsovervakingsystem og ser fram til å kome i mål med dette prosjektet i 2024.

10. august fekk eg melding om brann i ein av avløpspumpestasjonane våre. Pumpestasjonen på Valen er eit knutepunkt for heile austsida av Lillesotra og ein viktig stasjon

for ØyVAR. Brannvesenet var raskt på plass, men bygget var ikkje til å redde. Det var aldri fare for at brannen skulle spreie seg til naboar. Vi fekk etablert mellombels drift i løpet av nokre veker og reknar med å ha ein ny pumpestasjon på plass i løpet av 2024. ØyVAR hadde forsikra anlegget i KLP, som vil dekkje kostnadene med oppføring av nytt bygg.

Vegen vidare

Det står menneske i spissen for all verksemda vår, og vi er avhengige av å tiltrekkje oss og behalde engasjerte, motiverte og inspirerte kollegaer også i åra som kjem. Strengare myndigheitskrav og konsekvensar av klimændringane vil føre til behov for fleire dyktige kollegaer, slik at vi også i framtida kan drive ansvarleg og levere reint drikkevatt, reinsa avløp og gode avfallsløysingar.

Bjarne Ulvestad
Dagleg leiar



Ny kommunedelplan for vatn og avløp

I 2023 blei arbeidet med kommunedelplanen for vatn og avløp sluttført med vedtak i kommunestyret 28. november. Planen gjeld for 2023–2035 og gir ØyVAR ei god retning for arbeidet dei neste åra. Hovudmålet for vassforsyninga er å sikre nok reint drikkevatt til abonnentar i Øygarden kommune. For avløp er hovudmålet at reinseanlegga skal reinse avløpsvatnet slik at naturen si evne til sjølvreinsing ikkje blir påverka på kort eller lang sikt. Desse måla er tett knytte til hovudmåla i samfunnsdelen til kommuneplanen:

Øygarden er ein god stad å bu

Øygarden er eit klima- og miljøvenleg samfunn

Kommunedelplanen for vatn og avløp inneheld konkrete tiltak som er knytte til desse måla og set fokuset for ØyVAR sitt arbeid dei neste åra.

2023 ► 2035





Blomvåg vassverk

2003 ► 2023

I 2023 var det 20 år sidan FjellVAR, som seinare har blitt til ØyVAR, blei etablert. I 2018 blei drift av vatn og avløp i gamle Øygarden kommune innlemma i FjellVAR. I samband med kommunesamanslåinga i 2020 fusjonerte Sund VA og FjellVAR og blei til ØyVAR. Også før dette har det skjedd mykje på vass-, avløps- og renovasjonsfronten i både Sund, Fjell og Øygarden. Her er nokre av høgdepunkta frå dei siste 20 åra.

20 år med ØyVAR ►

2003–2023

Vassforsyning

For 20 år sidan var om lag 25 % av innbyggjarane tilknytte offentleg vatn, medan vi no har ei tilknytingsgrad på over 90 %. Denne auken i tilknytning til offentleg vatn kjem i stor grad av ei satsing på utbygging til distrikta. Det blei lagt vassleidning til Algrøy i 2005 og til Bjorøy i 2008. Tofte-dalen i gamle Øygarden kommune fekk offentleg vatn i 2005, og større prosjekt som vatn og avløp til Rong gard i 2008 har gjort det mogeleg med utbygging også utanfor sentrumsområda. I Sund blei det satsa på ringleidning i store delar av den gamle kommunen, noko som har gitt større forsyningstryggleik i sør. Samarbeid der ein såg trafikkssikring og annan infrastruktur i samanheng med vatn og avløp, var nøkkelen til suksess for vidare utbygging. Utbygging av offentleg vatn har gjort at dårlege private vassverk kunne fasast ut. Høgdebassenga som no er plasserte rundt om i Øygarden kommune, har også vore med på å sikre vassforsyninga med vassreservar.

Andre store prosjekt som har bidrege til styrkt forsynings-tryggleik, er samankopling av forsyningsområda til Fjæreide vassverk og Blomvåg vassverk med vassleidning mellom Misje og Toftøy i 2019.

Hendingar som giardiautbrotet i Bergen for 20 år sidan har vist kor viktig det er med trygt drikkevatt. Etter dette blei UV-desinfisering av drikkevatt standard.



Bjorøy
høgdebasseng

Utvikling i vassforsyninga

- 2003: Fjæreide vassverk blir sett i drift.
- 2005: Kørelen vassverk blir sett i drift. Vassverket forsyner dei sørlege delane av Øygarden kommune med vatn.
- 2009: Alvheim vassverk blir sett i drift. Vassverket forsyner Sture og den nordlegaste delen av kommunen med vatn.
- 2015: Bildøyvatnet vassverk blir sett i drift. Ein fordel med dette vassverket er at det krev mindre energi å produsere vatn her enn ved dei andre vassverka. Det kjem av plasseringa på Bildøynuten. Herifrå kan vatnet falle ned til Bildøynuten høgdebasseng.
- 2017: Blomvåg vassverk blir sett i drift. Etter oppblomstring av blågrønalgar i Stegeviksvatnet blei Toftøy vassverk lagt ned og erstatta av Blomvåg vassverk, som hentar vatn frå Steinsvatnet. Samankopling mellom Rongøy og Toftøy med nye vassleidningar gjorde at Toftøy blei forsynt med vatn frå Blomvåg vassverk.
- Det har blitt etablert vasskioskar der mellom andre brannvesenet kan fylle tankbilane sine på ein trygg måte. Med denne løysinga har ØyVAR fått betre kontroll både på trykket, på nettet og på forbruket.



Hellesøy
pumpestasjon



Kørelen
vassverk



Fjæreide
vassverk



Bildøyvatnet
vassverk



Alvheim
vassverk

2003–2023

Avløp

God reinsing av avløp har aldri vore meir aktuelt enn i dag, og dei siste 20 åra har det skjedd store endringar. Krava til reinsing har blitt strengare, noko som sjølv sagt påverkar oss som arbeider med reinsing. Det har dei siste åra vore nødvendig med fleire store investeringar på området. Mange bustader i Øygarden kommune har framleis private løysingar, men nokre tettstader har fått sentral reinsing av avløpsvatnet.

Det har blitt gjennomført fleire store prosjekt med avløpssanering og sentralisering av avløpsløysingar til felles slamavskiljar, til dømes på Rong gard og Torsvik–Kvernebekk.

Utvikling i avløpshandteringa

- 2012: Møvik avløpsreinseanlegg blir sett i drift.
- 2020: Storanipa avløpsreinseanlegg blir sett i drift, og reinsar alt avløpsvatn frå Litlesotra og Kolltveit. Dette er kommunen sitt største avløpsreinseanlegg.
- 2021: Krekjebærneset avløpsreinseanlegg står ferdig, og reinsar avløp frå området rundt Ågotnes.
- 2023: Avløpsspumpestasjonen på Valen brann ned på hausten. Etter seks veker med overløpsdrift frå pumpestasjonen sett driftsoperatørane i ØyVAR i gang mellombels drift på pumpene, slik at avløpet igjen blei pumpa til Storanipa avløpsreinseanlegg. Den mellombelse drifta fungerer fram til ny avløpspumpestasjon blir bygd.



Krekjebærneset
avløpsreinseanlegg



Møvik avløps-
reinseanlegg



Storanipa avløps-
reinseanlegg



Valen avløps-
pumpestasjon

2003–2023

Renovasjon

Straume gjenbruksstasjon

Ombruk og materialgjenvinning har blitt stadig viktigare dei siste 20 åra. Då gjenbruksstasjonen på Straume stod ferdig i 2004, var det ein romsleg gjenbruksstasjon som dekte behova til innbyggjarane i Fjell kommune. Med tida har det blitt vanskelegare å oppfylle både krava til kjelde-sortering og krava til oppbevaring av farleg avfall under tak. Gjenbruksstasjonen på Straume er derfor klar for ei oppgradering til dagens standard med betre tilrettelegging for materialgjenvinning og ombruk.

Midtstegen gjenbruksstasjon

Midtstegen gjenbruksstasjon var fram til 2020 eigd og drifta av BIR, som stod for avfallshandteringa i Sund kommune før kommunesamanslåinga.

Utvikling i avfallshandteringa

- 2004: Startar sortering og innsamling av hushaldsplast.
- 2010: Slutt på frakt av restavfall til deponi. Restavfall går no til energigjenvinning.
- 2020: Innsamling av matavfall var allereie etablert i Fjell kommune. Ved kommunesamanslåinga dette året, blir ordninga utvida til heile Øygarden kommune. Matavfall er ein viktig ressurs som no går til biogassproduksjon.
- Det er i dag etablert nye løysingar for avfallshandtering i enkelte sameige i kommunen.





Midtstegen
gjenbruksstasjon



Straume
gjenbruksstasjon





Kørelen-Eidesjøen

Utbyggings- prosjekt

Ferdigstilte prosjekt
Prosjekt under utføring
Prosjekt under prosjektering

2023

Ferdigstilte prosjekt

Kørelen–Eidesjøen

Samarbeidsprosjektet med Vestland fylkeskommune på strekket Kørelen–Eidesjøen blei fullført i 2023. Som ein del av prosjektet har ØyVAR fått oppgradert vass- og avløpsanlegget på strekket. Vestland fylkeskommune har etablert fortau frå rundkøyringa fram til avkøyring i nordvestenden av fortauet. Det er også grave ny grøft på austsida av vegen i tillegg til oppretting av vegbana.

Blomvåg vest

I samband med Øygarden kommune sitt prosjekt i området har det blitt utført miljøtiltak med sanering av avløp og etablering av ny vassleidning. Det er også etablert to nye avløpspumpestasjonar med nedgravne løysingar.



Arseta

Sotra Arena–Ebbesvik, etappe 1

Delar av prosjektet med etablering av ny veg, inkludert VA-infrastruktur, frå Sotra Arena til Ebbesvik (fram til OBS Bygg) er ferdigstilt. ØyVAR har overtatt totalt 620 meter med VA-leidningar her.

Avløpssanering ved Arseta

Samarbeidsprosjektet mellom ØyVAR og Øygarden kommune med avløpssanering ved Arseta er avslutta og pumpestasjonen er klar til å setjast i drift.



Sotra Arena–Ebbesvik

Prosjekt under utføring

Brattholmen skule–Brattholmen kai

Dette prosjektet er eit samarbeid mellom Øygarden kommune, Vestland fylkeskommune, privat utbyggjar og ØyVAR. Det skal mellom anna løyse utfordringar med overvatn og gamle VA-leidningar vert erstatta i området. Prosjektet skal ferdigstillast i 2024.

Rehabilitering av Lonavegen 20

I 2022 søkte ØyVAR om, og fekk innvilga, ENØK-midlar til etterisolering av kontoret i Lonavegen 20. Rehabiliteringen vil bli fullført i 2024.



Brattholmen



Krekjbærneset



Valen

Krekjbærneset: ENØK-tiltak

Som del av pakka med ENØK-tiltak som er tildelt frå Enova, blir det lagt solceller på delar av taket på Krekjbærneset RA. På dagar med sol skal anlegget produsere nok energi til å drive reinseanlegget. Dette blir ferdig i 2024.

Valen avløspumpepestasjon

Dessverre brann Valen pumpepestasjon ned i august 2023 og skal byggjast opp igjen. ØyVAR fekk raskt i gang midlertidig drift av pumpepestasjonen og avløp gjekk ureinsa ut i sjøen i berre seks veker før den provisoriske drifta var i gang. ØyVAR reknar med at den nye pumpepestasjonen blir ferdig i løpet av 2024.



Sotra Arena–Ebbesvik

Sotra Arena–Ebbesvik, etappe 2

Del 2 av den nye vegen mellom Sotra Arena og Ebbesvik hadde oppstart hausten 2023. Prosjektet vert utført av privat utbyggjar, og det er planlagt at ØyVAR skal overta VA-anlegget når vegen er ferdigstilt.

Osundet bru

I samband med at Vestland fylkeskommune etablerer fortau, legg ØyVAR ned ny vassleidning. Leidninga opnar opp for ei mogeleg samankopling mot Alvheim vassverk i nord. Prosjektet blir fullført i 2024.

Vassleidning ved Ekrhovda

Det meste av prosjektet med vassleidning til Ekrhovda er fullført, men på det siste stykket mot nord har arbeidet blitt stoppa i påvente av etablering av ein eventuell parkeringsplass til Pyttane. Denne parkeringsplassen skal no byggjast, og vassleidninga vil bli lagd under plassen.



Osundet



Sotrasambandet

Ny gjenbruksstasjon på Straume

Prosjekteringen av ny gjenbruksstasjon på Straume er ferdig, og det er inngått kontrakt med entreprenør for grunn og betongarbeida. Vi reknar med at ny stasjon vil vere på plass i løpet av 2025. I byggjeperioden vil vi berre ha Midtstegen gjenbruksstasjon i drift.

Sotrasambandet

Sotrasambandet er no kome godt i gang, og det skal leggjast ny vassleidning i stort sett heile traseen frå Knarrevik til Kolltveit. Ved årsskiftet 2023/2024 var det anleggsarbeid ved både Kolltveit, Arefjordspollen og Knarrevik.



Lonavegen 20

Prosjekt under prosjektering



Solsvik–Blomvåg

Ny jordkabel Solsvik–Blomvåg

I samband med at Statnett skal leggje ny hovudstraukabel frå Solsvik til Blomvåg og nordover langs dagens kabel, vil denne nokre stader kome i konflikt med ØyVAR si hovudvassleidning. Totalt dreier dette seg om 5 000 meter der vassleidninga må leggjast om.

Vassleidning Dala–Tellnes skule

Vestland fylkeskommune og Dalatippen skal etablere tryggare veg for både mjuke og harde trafikantar. Vegen skal utvidast frå krysset ved Dalseide mot Tellnes skule. Samtidig vil avkøyringar i området bli endra for å auke tryggleiken for alle. ØyVAR deltek i dette prosjektet med framtidig vatn og avløp på strekket. Planen er å kople til vatn og framtidig spillvatn ved etablert nett ved Tellnes skule. Prosjektet skal etter planen vere ferdig i 2024.

Vassleidning Ramsholmen–Porsvika

Tidvis har ØyVAR utfordringar med stort trykktap på leidningsnettet mot Glesnes/Tofterøy. For å bøte på dette blir det lagt ny leidning frå Ramsholmen til Porsvika.

Vassleidning ved Stegeviksvatnet

For å trygge vassforsyninga mellom nordre og midtre del av kommunen blir det lagt ny vassleidning i Stegeviksvatnet.

Grønamyrsvegen

I 2023 har oppgradering av Grønamyrsvegen til miljøgate blitt ferdig prosjektert for totalentreprise. Prosjektet har vore ute på anbod, og det er inngått kontrakt med entreprenør. ØyVAR vil i denne kontrakten bidra med utskifting av vass- og avløpsleidningar. Det er forventa oppstart i 2024.



Grønamyrsvegen

Vatn

ØyVAR har fem vassverk fordelt over heile kommunen og ca. 425 km med kommunale vassleidningar. Som ein del av nettet har vi også 16 høgdebasseng og 24 trykkauke-stasjonar. Vi er 20 tilsette som saman står for dagleg drift og vedlikehald av desse anlegga.



**Vassprøver
vel 700 stk**

**Vasskvalitet
ingen
bakteriologiske
avvik**

**Lekkasje
24 %**

**Innbyggjarar
med tilknytning
ca. 35 500**

Vasskvalitet

Alle vassverka er knytte saman, men vi har delstrekk med for små leidningsdimensjonar til at dei fem vassverka våre kan hjelpe kvarandre fullt ut. Den nye kommunedelplanen for vatn, avløp og overvatn er no godkjend. Planen omfattar tiltak for å auke overføringskapasiteten mellom vassverka.

I 2023 blei det teke vel 700 rutinemessige vassprøver ulike stader på nettet. Kvaliteten er god. Vi har ingen bakteriologiske avvik. Kimtalet frå Alvheim vassverk er framleis høgt. Som prøveprosjekt har vi no hatt ein ultralydsendar i høgdebassenget ut frå Alvheim vassverk i halvtanna år. Føremålet er å kanskje kunne redusere kimtalet noko, men førebels ser prosjektet dessverre ikkje ut til å ha hatt nokon effekt.

Lekkasje og vassproduksjon

Målretta jobbing for å stoppe lekkasjar og utbetre sårbare punkt løner seg. Det gir færre vassleidningsbrot og mindre forbruk generelt. Også i 2023 har det blitt jobba systematisk for å forbetre leidningsnettet vårt. Dessverre har lekkasjetalet likevel gått litt opp samanlikna med 2022. Det er grunn til å tru at dette kan stemme. Vi får nemleg stadig betre kvalitet på målt mengde vatn rundt omkring, både via private og eigne vassmålarar, sjølv om det framleis er ein del teoretiske utrekningar som ligg til grunn.


Talet på akutte vassleidningsbrot er ikkje ulikt resultatet frå 2022, som var på eit relativt lågt nivå.

Også for 2023 aukar talet på abonnentar, medan mengda produsert vatn går ned samanlikna med året før. Dette er igjen eit resultat som viser at lekkasjearbeid nyttar, og at pålegg om vassmålarar for alle fører til meir bevisst vassforbruk.



**Også for 2023
aukar talet på
abonnentar, medan
mengda produsert
vatn går ned.**

Stig Hagenes,
fagsjef VA



REDUSERT VASSLEKKASJE

Ligg godt an til å nå nasjonale mål

Systematisk arbeid for å redusere lekkasjane på vassnettet i Øygarden har gitt god uttelling. ØyVAR ligg allereie godt an til å nå dei nye nasjonale måla. Driftsingeniør Digge Kibreab er sentral i dette arbeidet.



ØyVAR har gått føre i arbeidet med å få ned talet på lekkasjar i vassnettet og låg allereie godt an då regjeringa lanserte dei reviderte, nasjonale måla for vatn og helse i februar. Det nye målet er å få lekkasjegrada i Noreg ned til 25 prosent innan 2033.

I dag lek gjennomsnittleg 30 prosent av det ferdige reinsa vatnet i Noreg ut av vassleidningane. Dette svarer til om lag 220 millionar m³ vatn, ifølgje tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Høg lekkasjegrad og låg grad av fornying av vatnet aukar risikoen for bortfall og forureining av drikkevatt.

Bruker vassmålar til å overvake

Allereie i 2010 tilsette ØyVAR ein ingeniør som skulle jobbe utelukkande med førebygging og overvaking for å redusere talet på lekkasjar. I dag er det driftsingeniør Digge Kibreab som har denne jobben.

– Hovudfokuset vårt er å få montert flest mogeleg vassmålarar på vassleidningsnettet, slik at vi kan overvake nettet og talfeste eventuelle lekkasjar, forklarar Kibreab. Dei stadig fleire vassmålarane ØyVAR har montert, har gjort det mogeleg å overvake fleire og fleire av vassrøyra som strekk seg over meir enn 430 kilometer i kommunen vår.

Reparerer lekkasjane raskt

Den viktigaste overvakinga skjer om natta, så kvar morgon startar Kibreab med å analysere vassforbruket natta før. Har det vore uforholdsmessig mykje vassføring i røyr som normalt skulle hatt nullforbruk når innbyggjarane søv, kan dette tyde på ein lekkasje som han må undersøkje nærmare.

Då tek han med seg blant anna lydutstyr ut til det aktuelle området for å finne ut nøyaktig kvar det lek. Utstyret lyttar til vassføringa i røyra og gjer det enklare for drifts-

ingeniøren å finne lekkasjen. Nokre gonger skjer det etter ti minutt. Andre gonger tek det vekevis. Kibreab sørgjer deretter for at eventuelle lekkasjar blir reparerte så fort som mogeleg.

Førebyggjer lekkasjar ved å optimalisere trykket

Ein annan viktig del av jobben til Kibreab er å førebyggje lekkasjar på vassnettet. Det gjer han mellom anna ved å montere trykkreduksjonsventilar på strategiske stader på vassnettet.

– Ved hjelp av desse trykkreduksjonsventilane kan vi optimalisere trykket vatnet har når det blir transportert gjennom vassnettet. Trykket må liggje høgt nok til at alle abonnentane får nok trykk i springen, men lågt nok til at det førebyggjer slitasje og brot på vassrøyra, forklarar driftsingeniøren.

Gode resultat

Innsatsen til Kibreab og forgjengaren hans har gitt resultat. I 2022 var lekkasjegrada heilt nede i 18 prosent, som er langt under dei nasjonale måla for 2033. I 2023 blei talet høgare, med ei gjennomsnittleg lekkasjegrad på 24 prosent, men også dette er under dei nasjonale måla for 2033.

Den nitide overvakinga og førebygginga sikrar at innbyggjarane til kvar tid har reint vatn.

– Vi er godt nøgde med at dette systematiske arbeidet har gitt resultat så langt, men vi gir oss ikkje her. Vi har no montert 132 vassmålarar og 15 trykkreduksjonsventilar i Øygarden, og vi har ambisjonar om å montere mange fleire i 2024, seier fagansvarleg for vatn og avløp Stig Hagenes i ØyVAR.



Trykket må liggje høgt nok til at alle abonnentane får nok trykk i springen, men lågt nok til at det førebyggjer slitasje og brot på vassrøyra.

Digge Kibreab, driftsingeniør ØyVAR




Digge finner lekkasjer.

A photograph of a person wearing a white protective suit and orange gloves, working on industrial equipment. The person is leaning over a metal structure, possibly a pump or filter. In the background, there are large metal tanks and a control panel with a label that reads "SAN M01 SC01". The image is partially obscured by a large orange circle on the left side, which contains the title and text.

Avløp

ØyVAR har i dag 41 reinseanlegg: fire silanlegg, to kjemiske/biologiske anlegg og 35 slamavskiljarar. Vi har ca. 270 km med avløpsleidningar og 92 pumpestasjonar. 20 tilsette står for drift og vedlikehald av desse anlegga.



Reinsesresultat
godt innafor
utsleppsløyva

Innbyggjarar
tilknytt
69 %

Kvalitet

Vi tek systematiske prøver frå alle avløpsreinseanlegga som har krav om prøvetaking i utsleppsløyvet. Alle desse anlegga har levert reinseresultat som er godt innanfor krava. Dette gjeld følgjande anlegg:

Silanlegg

- Storanipa, Krekjbærneset og Møvik

Kjemiske/biologiske anlegg

- Trengereid og Kallestadvik

Slamavskiljarar

- Skaga, Tellnes, Limavågen, Klokkevik, Telavåg og Torsvik

Av totalt 35 slamavskiljarar har vi tre anlegg der utsleppsløyva må klargjerast nærmare.

Alle dei kommunale avløpsanlegga som ØyVAR har ansvar for, og som er over 50 pe (personequivallentar), blir rapporterte inn til Miljødirektoratet kvart år.

Den 10. august brann Valen avløpspumpestasjon ned. Dette var ei ny utfordring for oss. Stasjonen var ute av drift fram til 28. september, då han provisorisk blei sett i drift igjen. Situasjonen medførte overløp frå avløpspumpestasjonane på både Valen, Knarrevik, Sveneset og Brattholmen. Dette utgjorde i perioden eit utslepp frå om lag 4500 pe om dagen, totalt nesten 30 000 m³.

Kapasitet

39 av 41 anlegg blir med dagens tilkoplingar drivne innanfor kapasiteten sin. To av slamavskiljarane våre er høgt belasta: Austefjorden og Hellesøy. Utbetring av desse er med i den nye kommunedelplanen.


Den nyleg godkjende kommunedelplanen for vatn, avløp og overvatn vil dekkje anlegg som må oppgraderast for å auke framtidig kapasitet, eller som må overførast til eksisterande eller nye anlegg for sanering og betre kontroll på reinsinga.

Lekkasje

Vi arbeider fortløpande med kartlegging, tilstandsregistrering og utbetring av innlekkasje av overvatn. Vi har også i 2023 hatt redusert energiforbruk på avløpsanlegga våre samla sett. Det viser at arbeidet har gitt gode resultat. Dette er svært viktig for å redusere energiforbruket og auke kapasiteten i åra framover. Statsforvalteren i Vestland stiller òg strenge krav til oss når det gjeld systematisk tilstandsregistrering og utbetringar. Dette er noko vi rapporterer på kvart år.

Vi har også i 2023 hatt redusert energiforbruk på avløpsanlegga våre samla sett.

Stig Hagenes,
fagsjef VA





Renovasjon

ØyVAR har to gjenbruksstasjonar i Øygarden: i Skogsvåg og på Straume. Gjenbruksstasjonen på Straume blei stengd for oppgradering i 2023 og opnar igjen i 2025. I tillegg har vi eit betent miljøpunkt for farleg avfall på Tjeldstø som er ope éin dag i veka. Hytterrenovasjon er fordelt rundt om i heile kommunen og tek imot avfall frå dei om lag 3500 hyttene. Det er også returpunkt for innlevering av glas- og metallemballasje jamt fordelt i kommunen. Vi har i sesongen over 20 renovasjonstilsette som tek imot kundar på anlegga våre.



**Kundebesøk
på gjenbruks-
stasjonane**


2023/56 617

2022/52 956

2021/50 918

2020/43 319

Hos ØyVAR er vi opptekne av å bidra til betre utnytting av ressursane. Vi vil derfor leggje godt til rette for gjenbruk og resirkulering. Blant anna vil vi gjere vårt for at Noreg skal nå dei nasjonale måla om at 80 % av avfallet skal sikrast god ressursutnytting gjennom materialgjenvinning og energiutnytting. Føremålet med materialgjenvinning er å gjenvinne ressursar slik at materiale kan nyttast om att i ny produksjon som resirkulerte råvarer. Målet er at mest mogeleg avfall hamnar høgast mogeleg opp i avfalls-pyramiden.



ØyVAR leverer restavfall til BIR Avfallsenergi i Rådalen. I 2023 utgjorde dette 63 prosent av det totale avfallet som renovasjonsbilane samla inn. Det andre avfallet, for eksempel matavfall, papp/papir og plast, blir levert til materialgjenvinning. Plukkanalysar har tidlegare vist at over 50 prosent av avfallet som var i restavfallet, kunne ha vore sortert ut og kjeldesortert i andre fraksjonar.

På gjenbruksstasjonane er sorteringa vesentleg betre. Om lag 23 prosent av avfallet blir sendt til forbrenning som restavfall.

Det blei samla inn 1 640 tonn matavfall i 2023, og dette blei sendt til produksjon av biogass. Biogassen kan erstatte om lag 213 200 liter fossil diesel (1 tonn matavfall = 130 Nm³ biometan = 130 liter diesel).

Vi har eit mål om å redusere mengda restavfall i åra framover, og som eit verkemiddel for å greie dette har vi sett i gang eit prøveprosjekt med veking av restavfallet. Eit utval innbyggjarar på Rongøyna er med i prøveprosjektet, der det blir billegare å få tømt avfallet jo meir dei kjeldesorterer. I staden for å betale basert på storleiken på spanna og tal tømningar skal innbyggjarane betale per kilo restavfall dei leverer. Når restavfallet minkar, blir også rekninga for bosstøminga mindre. Klarer hushaldet å kjeldesortere alt avfallet sitt, slik at ingenting går i restavfall, treng dei ikkje å betale meir enn eit grunngebyr for å få tømt avfallet sitt. Dette prøveprosjektet blei vedteke i kommunestyret i desember 2023.

Vi må bli flinkare til å kjeldesortere. Men når ei oppfordring om å kjeldesortere for miljøet si skuld ikkje er nok, prøver vi med økonomisk påskjøning. Det vil no løne seg å kjeldesortere og slanke restavfallet. For både miljøet og lommeboka.

	2020	2021	2022	2023
Total mengde avfall, tonn	17 646	18 411	17 833	17 193
Farleg avfall, tonn	1 136	1 006	872	998
Restavfall	40 %	40 %	41 %	41 %
Kundebesøk	43 519	50 918	52 956	56 617



**Det vil no løne seg
å kjeldesortere og
slanke restavfallet.**


Espen Elstad,
fagsjef renovasjon

Midtstegen
gjenbruksstasjon



Ny gjenbruksstasjon

I 2023 blei gjenbruksstasjonen på Straume stengd for oppgradering. Alle tilsette som var knytte til denne gjenbruksstasjonen, har fått ny arbeidsplass på Midtstegen gjenbruksstasjon fram til den nye stasjonen står klar på Straume i 2025. Den nye gjenbruksstasjonen vil vere sentral for å nå mål om ombruk og kjeldesortering.



BEREKRAFT OG MILJØTILTAK

Investerer for bedre klima

ØyVAR er Miljøfyrtårn-sertifisert og jobbar kontinuerleg for meir berekraftig drift av tenestene våre.



I 2023 blei det montert solceller på to nye bygningar, og vi har no solcellepanel på fleire pumpestasjonar, høgdebasseng og reinseanlegg. Samla produserte alle solcellepanela 32 365 kWh straum i 2023. Det svarer til 5,8 % av straumforbruket til Storanipa reinseanlegg.

I 2022 fekk ØyVAR tildelt midlar frå Enova til miljøtiltak. Desse pengane har kome godt med. Vi har mellom anna brukt dei til fornying og etterisolering av fasaden på hovudkontoret i Lonavegen. Dermed har vi redusert straumutgiftene til oppvarming av kontora. Forbruket i

desember 2023 var 16 % lågare enn forbruket i desember 2022. Oppgradering og etterisolering av resten av kontora i Lonavegen 20 står på planen for 2024.

I samfunnsdelen til kommuneplanen er eitt av hovudmåla at Øygarden skal vere eit klima- og miljøvenleg samfunn. Kommunen har knytt dette opp mot FN sine berekraftsmål. ØyVAR bidreg blant anna ved å drive avløpsanlegga godt og ved å stille miljøkrav ved alle innkjøp.



TRAINEEVANN

Variert erfaring

Frå september 2023 til august 2024 er Katharina Rothmann-Hordvik trainee hos ØyVAR. Ho tok over etter Linda Hummervoll, som no fullfører traineeperioden sin hos Bergen Vann. Traineeperioden til Katharina er på to år. Ho skal arbeide hos ØyVAR det første året og hos Bergen Vann det siste året.

Katharina er utdanna byggingeniør med spesialisering i miljø, plan og infrastruktur frå Høgskulen på Vestlandet. Ho har arbeidd med ulike oppgåver innanfor drift av vatn og avløp og blant anna vore med på lekkasjesøk.

– Det fine med å vere trainee er at ein får sjå korleis ting fungerer i praksis. Det er lærerikt å vere med driftsoperatørane ut og sjå korleis dei jobbar. Det er mykje som skjer før ein får vatn i springen, og etter at det blir trekt ned i do.

Hovudoppgåvene til Katharina har vore administrative. Ho har mellom anna kvalitetssikra og oppdatert registret for tømning av septiktankar, og ho har vidareført arbeidet den førre traineen gjorde med eit register for olje- og feittutskiljarar.

– Det er spennande å sjå kor mykje forskjellig ein kan jobbe med i ei vass- og avløpsbedrift. Her har eg fått prøve meg på oppgåver som også utfordrar meg fagleg. Eg skal blant anna hjelpe til med klimarapportering og har fått vere med å utføre ulike analysar på laboratoriet.

TraineeVANN er eit landsdekkjande vassfagleg trainee-program over 24 månader organisert gjennom bransjeorganisasjonen Norsk Vann. Her er ein innom to eller tre ulike bedrifter og får ein god sjanse til å skaffe seg brei kompetanse, eit stort nettverk og ein god start på arbeidslivet. Vassbransjen er stor og kompleks med mange aktørar, utfordringar, prosessar og arbeidsoppgåver. Som trainee kjem ein innom mellom anna prosjektleiing, retorikk og taleteknikk, møteleiing og stressmeistring.



“ Det er spennande å sjå kor mykje forskjellig ein kan jobbe med i ei vass- og avløpsbedrift.

Katharina Rothmann-Hordvik, trainee

Årsmelding og rekneskap 2023

Styrets årsmelding.....	37
Resultatrekneskap.....	45
Balanse	46
Kontantstraumoppstilling.....	48
Notar	49
Revisors beretning.....	60

Styrets årsmelding

Organisasjon

Verksemda

ØyVAR AS blei stifta i 2003 og driv verksemda si i Øygarden kommune. ØyVAR er eit heileigd kommunalt selskap, og det vedtektsfesta føremålet til selskapet er å stå for forvaltning, planlegging, utbygging og drift av vass- og avløpsanlegga i kommunen og anna verksemd knytt til desse områda. Selskapet skal vidare vere ansvarleg for innsamling og gjenvinning av avfall. Verksemda skal finansierast etter sjølvkostprinsippet.

I tillegg driv ØyVAR med ei mindre verksemd knytt til innsamling og handsaming av næringsavfall, i all hovudsak frå skular og barnehagar. Innsamling av avfall frå skular og barnehagar er i samsvar med forskrift definert som næring. Verksemd knytt til innsamling av kommunalt næringsavfall følgjer sjølvkostprinsippet, medan innsamling av næringsavfall følgjer vanlege marknadsmessige vilkår.

Eigar

ØyVAR AS er eigd av Øygarden kommune.

Arbeidsmiljøutval (AMU)

Følgjande er medlemmer av arbeidsmiljøutvalet ved årsskiftet 2023/2024:

- Frå leiinga: Bjarne Ulvestad, Hilde Vik Halleraker, Marianne Vindenes.
- Frå dei tilsette: Robert Kaupang Sæle, Lars Vassenden, Monica Falck.

Representant frå bedriftshelsetenesta (Medco dinHMS) møter i tillegg fast i utvalet.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

ØyVAR har eit velfungerande system for å vareta helse, miljø og tryggleik for dei tilsette. Alle avdelingar har eit sjølvstendig HMT-ansvar som står i forhold til drifta og aktiviteten ved avdelinga. Hendingar (avvik eller uønskete hendingar) blir melde i eit elektronisk system for behandling.

Selskapet har hatt eit langsiktig mål om at sjukefråværet skal vere under 4 %. Det totale sjukefråværet i 2023 var på 6,94 % (2022: 6,51 %), og av dette var korttidsfråværet på 2,15 % (2022: 2,28 %). Til samanlikning var sjukefråværet 6,7 % i 2023 for alle sektorar (privat, statleg og kommunal)

Sjukefråvær er eit tema på alle møte i AMU, og vi har ikkje funne grunn til å tru at sjukefråværet er arbeidsrelatert. ØyVAR er ei IA-bedrift, med tett oppfølging av tilsette under sjukefråvær og iverksetjing av førebyggjande tiltak. Dette inneber mellom anna eit nært samarbeid med bedriftshelsetenesta vår, Medco dinHMS. Bedriftshelseordninga omfattar målretta arbeidsrelaterte helseundersøkingar og bistand til vurdering av arbeidsmiljø og andre kartleggingar.

Det har ikkje vore personskade eller materielle skadar som har medført fråvær.

Klima og miljø

ØyVAR AS er ei miljøbedrift og har ansvar for å ta vare på det ytre miljøet knytt til vatn, avløp og renovasjon. Selskapet driv innanfor dei krava som myndighetene har sett, og overvakar og måler aktivitetar som kan påverke det ytre miljøet. Selskapet er såleis ein betydeleg bidragsytar til eit godt ytre miljø. Selskapet fokuserer på reduksjon av energi- og vassforbruk, og det er styret si oppfatning at selskapet har oppnådd svært gode resultat, blant anna gjennom arbeid med lekkasjesøk og reparasjonar av lekkasjar på leidningsnettet.

Ein del av regnvatnet som kjem ned, finn vegen til avløpsnettet og sprengjer kapasiteten på leidningane. I periodar med mykje nedbør blir avløpsleidningane fylte opp, og det fører til at avløpsvatn går i overløp. Å gjennomføre tiltak som reduserer innlekking av regnvatn til avløpsleidningane, er eit kontinuerleg arbeid, og mykje er gjort dei siste åra.

I tillegg er nokre av dei nye bygga våre utstyrte med solcellepanel. Desse har i 2023 produsert 32 365 kWt, noko som svarer til 5,8 % av straumforbruket på Storanipa reinseanlegg i 2023.

Selskapet er sertifisert som miljøfyrtårnbedrift, noko som vil seie at vi oppfyller strenge krav til kjeldesortering og har fokus på miljøvennleg drift av selskapet. Gjennom rapportering til Miljøfyrtårn og til bedreVANN, som er benchmarking for vassbransjen, får ØyVAR god oversikt over utsleppa sine og kan sjå kva område som har størst forbedringspotensial med tanke på klima og miljø.

ØyVAR legg til rette for ei effektiv og miljøvennleg kjelde-sortering i kommunen. Selskapet har eit omfattande samarbeid med andre organisasjonar og frivillige om innsamling av marint avfall. Det blir lagt ned mykje arbeid i å fjerne marint avfall frå sjønære område. ØyVAR har ei viktig rolle med koordinering, innsamling og behandling av dette avfallet.

Forskning og utvikling

Selskapet driv ikkje med eige forskings- og utviklingsarbeid, men gir generell FoU-støtte via medlemskap i Norsk Vann og Avfall Norge.

Samfunn

Vårt system for etterleving av lover, forskrifter og interne krav er basert på førebygging, avdekking, rapportering og respons. Innsats mot korrupsjon og respekt for menneskerettar er ein integrert del av dei krava vi stiller til leverandørane våre. Noko av det vi gjer for å sikre ansvarleg åtferd, er å

- stille krav om at selskapa er à jour med skatt og mva.
- stille krav om at leverandørane våre er godkjende opplæringsbedrifter
- stille krav om internkontrollsystem og system for helse, miljø og tryggleik
- kontrollere at allmenngjord minsteløn for tilsette i bygg- og anleggssektoren blir følgd

Bemanning, likestilling og diskriminering

Personale


Selskapet har per utgangen av året 52 tilsette: 13 kvinner og 39 menn. Dette utgjorde 45,2 årsverk. Gjennomsnittleg tal på årsverk sysselsett i rekneskapsåret er 50 årsverk.

Per 31.12.2023 var gjennomsnittsalderen 47,1 år, mot 46,6 år i 2022. Selskapet har liten gjennomtrekk av tilsette. I ØyVAR skal alle ha like moglegheiter og rettar, uavhengig av alder, kjønn, etnisitet og andre personlege forhold. Det er eit mål å ha eit mangfaldig personale som speglar mangfaldet i kommunen. ØyVAR har eit utstrekt samarbeid med NAV og private arbeidsmarknadsaktørar for menneske som har behov for arbeidsrelatert tilrettelegging eller arbeidstrening. Vidare har selskapet eit samarbeid med Sotra vidaregåande skule om utplassering av elevar. I 2023 har det vore seks elevar på utplassering i ØyVAR.

Tilstand for kjønnslikestilling


KJØNNBALANSE

ALLE TILSETTE




KJØNNBALANSE

PER AVDELING



MELLOMBELS TILSETTE




FOREDREPERMISJON

GJENNOMSNITT
ANTALL VEKER



DELTID

FAST DELTID



LØNNSFORSKJELLAR 2023

Kvinner del av løna til menn er angitt i prosent.

Kjønnsfordeling		Kontantyttingar					Naturalytingar
Kvinner	Menn	Sum kontantyttingar	Avtalt løn / fastløn	Uregelmessige tillegg	Bonusar	Overtidsgodtgjersle	Sum skattepliktige naturalytingar
13	39	97 %	111 %	20 %	0 %	22 %	88 %

Kompetanseutvikling

ØyVAR er ei kompetansebedrift der rammevilkåra er i stadig endring. Det er derfor viktig at kompetansen i selskapet blir utvikla i takt med endringane. Som tidlegare år har tilsette også i 2023 gjennomført eksterne kurs for å møte utfordringar i dag og i framtida. I 2023 har vi hatt ein tilsett som har tatt fagbrev i gjenvinningsfaget. ØyVAR vil halde fram med å oppmode dei tilsette til å ta fagbrev og leggje til rette for relevant kompetanseheving.

Tilstand for kjønnslikestilling

I administrative stillingar var kvinnedelen 73 % ved utgangen av 2023. I driftsavdelingane er kvinnedelen 12 %. Delen av kvinner i leiarstillingar utgjer 33 % og er uendra frå fjoråret. Kvinnedelen i styret er 57 %.

Selskapet har totalt fem tilsette i deltidsstillingar. Alle desse er menn. Selskapet har to tilsette på mellombelse kontraktar. Ei kvinne og ein mann. Rundt halvparten av våre deltids- og midlertidige tilsette har signalisert gjennom medarbeidersamtalar at dei ønsker meir arbeid.

I løpet av 2023 blei det teke ut seks veker med foreldrepermisjon i ØyVAR: 0 veker for menn og 6,4 veker for kvinner.

Hos ØyVAR er vi opptekne av å gi lik løn for likeverdig arbeid, og selskapet har eit kjønnsnøytralt lønssystem. Ved rekruttering til styret, utlysing av ledige stillingar, fastsetjing av løn osv. legg selskapet vekt på likestilling og på at personar av begge kjønn skal handsamast så likt som råd er. ØyVAR er medlem av Samfunnsbedriftene og slutta til *Hovedtariffavtalen for konkurranseutsatte bedrifter*.

Ved fastsetjing av løn blir dei tilsette kategoriserte i anten gruppe 1 eller gruppe 2. Gruppe 1 følgjer tariff og avtalt lønstabell for fagarbeidarar eller ufaglærte. Det er 36 tilsette i denne gruppa ved utgangen av året. Gruppe 2 gjeld dei med akademisk utdanning frå universitet eller høg-

skule. I denne gruppa er det 16 tilsette. Løna blir fastsett på grunnlag av real- og formalkompetansen og ansvarsområdet til arbeidstakaren.

Lønnsforskjellen mellom kvinner og menn er presentert på totalnivå i selskapet. Ei vidare gruppering vil ikkje oppfylle kravet om minst fem av kvart kjønn i ei gruppe. På totalnivå ligg lønsnivået til kvinner 3 % lågare enn gjennomsnittsløna til menn i selskapet.

Det er ingen bonusordning i ØyVAR. Uregelmessige tillegg er knytte til laurdagstillegg for helgearbeid på gjenbruksstasjonen.

Vårt arbeid for likestilling og mot diskriminering

Prinsipp, prosedyrar og standardar for likestilling og mot diskriminering

- Omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering er blant anna inkludert i ØyVAR sin personalpolitikk, der vi skal gi moglegheit for livslang læring og utvikling. Vi skal prøve å leggje arbeidsforholda til rette for at medarbeidarane, uansett fase i livet, skal ha moglegheit til å fungere godt i arbeidet sitt. Vi drøfter bruk av midlertidige tilsette og ufrivillig deltid jamleg med dei tillitsvalte.
- I leiarhandboka har vi ein eigen artikkel om kva ein utlysingstekst skal innehalde, med særleg fokus på diskrimineringsomsyn og unntaksreglane om positiv særbehandling.
- Vi har utarbeidd ein prosedyre for handtering av mobbing, trakassering og konflikstar, med eit tilhøyrande varslingsystem.

Slik jobbar vi for å sikre likestilling og ikkje-diskriminering i praksis

Selskapet arbeider for å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar uavhengig av funksjonsevne og hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn.

Personal- og rekrutteringspolitikken til selskapet skal spegle dette føremålet, og vi skal i størst mogleg grad leggje til rette for det ved praktisk utforming av arbeidsstader. Likestillingsarbeidet blir drøfta jamleg med tillitsvalte. Vidare vil selskapet halde fram med å nytte medarbeidarundersøkingar for å kartleggje og setje i verk tiltak for å førebyggje diskriminering og fremje likestilling.

Medarbeidarundersøkingar tydar på at ØyVAR er eit selskap som i stor grad gir dei tilsette rom for å bestemme over arbeidsdagen sin. Dette – kombinert med fleksitid og moglegheit for heimekontor for svært mange av dei tilsette – gjer det enklare for mange å kombinere arbeid og familieliv. I same kartlegging kjem det fram at dei tilsette i ØyVAR i svært liten grad opplever forskjellsbehandling. Ny undersøking er planlagt hausten 2024.

ØyVAR som arbeidsplass er berre delvis tilrettelagd for personar med nedsett funksjonsevne. Selskapet set i verk individuelle tilretteleggingstiltak i samarbeid med dei tilsette og bedriftshelsetenesta når behovet oppstår. Vi har heis og automatiske dørøpnarar.

Openheitslova

ØyVAR AS fell inn under openheitslova og har forankra arbeidet med aktsemdvurderingar i styret 17.10.2022. Rutine for handtering av krav om innsyn er også behandla i styret og er tilgjengeleg for alle tilsette i det interne kvalitetssystemet. På ØyVAR sine nettsider er dei etiske retningslinjene publisert saman med informasjon om ØyVAR sitt arbeid med openheitslova og korleis ein kan komme i kontakt dersom ein ønsker innsyn i arbeidet.

Aktsemdsvurderinga blei gjennomført i 2022, og viste generelt låg risiko då ingen av leverandørane held til i høgrisikoland. Bransjen med høgast risiko er bygg- og anleggsbransjen. Difor har ØyVAR si leverandøroppfølging fokusert på bygg- og anleggsbransjen. Dette arbeidet starta i 2023, men fortsett oppfølging og kartlegging er nødvendig i 2024. Det er så langt ikkje avdekkja faktiske negative konsekvensar for anstendige arbeidsforhold og menneskerettar. I 2023 gjennomførte ØyVAR ei kartlegging av interne forhold. Eitt av funna gjekk på høgt sjukefråvær samanlikna med tidlegare år. Auka i sjukefråvær blir tatt med i det systematiske HMS-arbeidet vidare

og samarbeidsorganet AMU vil sjå på tiltak for å betre dette. Det blei også avdekkja at ØyVAR ikkje har eit godt system for å sjekke om arbeidstakarar med utdanning og erfaring frå utlandet reelt sett har kurs eller formell kompetanse som er oppgitt. Dette er ikkje ei prekær problemstilling, då ØyVAR har få tilsette med utdanning frå utlandet. Varsling av forhold som er relevant for ØyVAR sitt arbeid med openheitslova kan, som skildra på oyvar.no, rettast til openheitslova@oyvar.no.

Dersom det blir avdekkja risiko for brot på anstendige arbeidsforhold eller brot på menneskerettar generelt, vil ØyVAR prøve å stanse, førebyggje eller redusere negativ påverknad / skade og dessutan sørgje for eller samarbeide om gjenoppretting eller erstatning der det er påkravd.

Økonomi

Vesentlege hendingar og utviklingstrekk i 2023

I året som har gått, har selskapet brukt mykje tid på å utarbeide nye rutinar og få ein felles plattform for vår aktivitet i heile kommunen. Eit av fokusområda har vore etablering av nytt kvalitetssikringssystem.

Arbeidet med ny kommunedelplan for vatn og avløp blei vedtatt i slutten av 2023. Planen vil vere eit viktig reiskap for å nå dei måla selskapet og kommunen har framover.

Investeringar

I løpet av 2022 er det gjennomført investeringar innan VAR-sektoren på 42 millionar kroner mot 48,2 millionar kroner i 2022.

Stilling og resultat for selskapet

Selskapet hadde i 2023 samla driftsinntekter på 269,5 millionar kroner. Av dette utgjorde inntekter frå sal av drikkevatn, reinsing av avløpsvatn og avfallsbehandling 260,3 millionar kroner. 9,2 millionar kroner var andre inntekter, i all hovudsak inntekt frå gjenvinningsstasjonane og sal av avfall. Samanlikna med fjoråret auka totale inntekter med 34,4 millionar kroner.

Samla driftskostnader var på 223,3 millionar kroner. Av dette utgjorde avskrivning av driftsmiddel 49,2 millionar kroner. Rentekostnad på lån er 49,3 millionar kroner mot 26,2 millionar kr i 2022 og 13,1 millionar kroner i 2021.



Auka i rentekostnad skuldast høgare rentenivå. ØyVAR har ei gjeldsgrad på 92,2 % og er sensitiv for renteendringar i marknaden. Andre driftskostnader var 73,4 millionar i 2023 mot 67,3 millionar i 2022. Dette medverka til at året ble gjort opp med eit overskot på 945 052 kroner før skatt.

Netto kontantstraum frå drifta utgjorde 67 millionar kroner i 2023, mot 63 millionar kroner i 2022. Per 31.12.23 har selskapet ein total kapital på 1 273 millionar kroner, og av dette er 66 millionar kroner kortsiktig gjeld. Selskapet har per 31.12 ein eigenkapitalandel på 7,8 % og ein positiv arbeidskapital på 40 millionar kroner.

Selskapet har opparbeidd seg overskotsfond for sjølvkostområdet avløp. Denne skal etter sjølvkostprinsippet redusert dei nærmaste åra og er å rekne som abonnentane sine midlar. På sjølvkostområda vatn, slam og renovasjon er det negative sjølvkostfond. Underskota på vatn og slam stammar frå 2023, medan underskot for renovasjon stammar frå åra 2020 og 2021. Underskota er å rekne som fordring på abonnentane. Negative fond skal etter sjølvkostprinsippet framførast i sjølvkostrekneskapen til inndekking eit seinare år.

Utover dette er styret ikkje kjent med at det etter utgangen av rekneskapsåret har skjedd ting som er viktige for vurderinga av resultatet eller stillinga til selskapet.

ØyVAR styrer etter verdiane «Ansvarleg – Møtekommande – Modig» for å skape dei beste løysningane for innbyggjarane og lokalmiljøet. Styret er tilfreds med at ØyVAR har gjort gode og innovative investeringsval i staden for å velje tradisjonelle løysningar. Dette har bidratt til lågare gebyr for innbyggjarane i Øygarden kommune. Ved etablering av Storanipa avløpsreinseanlegg blei både investeringskostnadane og driftskostnadene lågare enn det som blei lagt til grunn i «Saneringsplan avlaup for Litlesotra, Kolltveit og Bildøyna, hovudrapport for avløpsreinseanlegg i fjell». Eit estimat tilsei at ein har redusert kostnadene med mellom 10 og 15 millionar kroner kvart år i levetida til anlegget, som følge av framsynte og berekraftige val. Anlegget er vurdert å ha ei levetid på 40 år. Styret ser i ettertid at gebyra er betydeleg lågare enn det ein såg for seg, som følge av dei gode vala som blei gjort den gongen.

Etter styret si oppfatning gir den framlagde rekneskapen eit rett inntrykk av selskapet si stilling og resultatet for verksemda.

Det er teikna ansvarsforsikring for styremedlemmer og leiarar.

Finans-, marknads-, kreditt- og likviditetsrisiko

ØyVAR hadde ved årsskiftet langsiktige lån på om lag 1 095 millionar kroner. Gjelda skuldast store investeringar i infrastruktur. Dette inneber at selskapet må vere bevisst på finansiell risiko i forhold til rentenivå.

ØyVAR blir generelt ikkje rekna for å ha stor kreditt-, likviditets- eller marknadsrisiko. Dette kjem av at selskapet tek opp lån med kommunal garanti, og dermed ikkje har problem med å ta opp nye lån til utbyggingsprosjekt. Utfordringa ligg i å fastsetje gebyr som gir ei viss førehandsinnkrevjing, men som er innanfor regelverket. Ifølgje regelverket kan overskot førast fram inntil fem år. Hovudutfordringa er at renta i marknaden er vanskeleg å føresjå i budsjettfasen. Vidare vil andre marknadsmessige vilkår, til dømes energiprisar, påverke gebyrgrunnlaget. Straumkostnaden i 2023 enda på 6 millionar kroner mot høvesvis 9,5 millionar i 2022 og 8,3 millionar i 2021.

Styret i ØyVAR AS har lagt vekt på å unngå risiko, og selskapet har derfor sikra delar av låna mot rentesvingingar ved bruk av rentesikringsinstrument med spreiding i forfall og sikring innanfor ulike tidsintervall. Per 31.12. er i underkant av 10 % av lånegjelda sikra med fastrente med restvarigheit på 2–8 år.

ØyVAR har over lang tid hatt eit medvite forhold til berekraft når det gjeld både drift og nye investeringar. Investeringsiltak der primærføremål er å redusere klimagassutslepp eller energiforbruk, kan kvalifisere til grønt lån og dermed betre til lånevilkår. Totalt har selskapet fått godkjent 344 millionar kroner som grøne lån. Restgjeld grøne lån pr 31.12.23 er 301 millionar kroner som utgjør 27 % av lånegjelda.

For ØyVAR som sjølvkostbedrift blir ei kalkylerente som byggjer på fem års swaprente med eit påslag på 0,5 %, belasta gebyrgrunnlaget. Dette må sjåast opp mot selskapet sine rentekostnader knytte til lånegjeld. Lånegjeldsrentene er i hovudsak knytte til tre månaders Nibor-rente. Kalkylerenta er normalt høgare enn lånegjeldsrentene. I 2023 var netto rentekostnad etter sjølvkost 49,4 millionar kroner mot netto rekneskapsrente på 45,4 millionar kroner. Netto rentekostnaden etter sjølvkost er dermed 4 millionar kroner høgare enn netto rentekostnad knytte til lånegjeld. Nokre år kan forholdet vere motsett. Renteoverskot i enkelt år inngår i anna opptent eigenkapital og er til bruk i år der lånerenta overstig kalkylerenta.

Likviditeten i ØyVAR er god. Ved utgangen av 2023 hadde selskapet 97 millionar kroner i bank, noko som sikrar tilstrekkeleg likviditet i starten på 2024.

Vidare drift

Årsrekneskapen for 2023 er sett opp under føresetnad om at drifta skal halde fram. I samsvar med rekneskapslova § 3–3 blir det stadfesta at føresetnaden for vidare drift er til stades. Til grunn for vurderinga ligg årsrekneskapen for 2023.

Økonomisk resultat og styret sitt framlegg til disponering

Selskapet sitt økonomiske resultat etter skatt for 2023 blei eit overskot på 877 785 kroner. ØyVAR har vedtektsfesta at det ikkje skal betalast utbytte til aksjonæren.

Styret vil gjere framlegg om at overskotet i 2023 blir ført mot sjølvkostfond og eigenkapital. Den opptente eigenkapitalen viser etter dette eit akkumulert overskot på 48 890 714 kroner. Netto bokført eigenkapital er 99 600 365 kroner per 31.12.2023.

Vegen vidare

Det forventast at rentenivået over lengre tid vil ligge på eit vesentleg høgare nivå enn det nivået vi har hatt dei siste åra. Gebyra er svært sensitive for endringar i renta, kor ein prosent auke i renta gjev om lag 5 til 6 % auke i gebyra for vatn og avløp.

Sidan 2020 har selskapet redusert verdien på driftsmidlar frå 1 180 millionar kroner til 1 154 millionar kroner i 2023. Nytt avløpsdirektiv vil truleg bli vedteken i 2024 som kan føre til store investeringar i nye avløpsreinseanlegg og leidningar. Førebels veit vi ikkje korleis direktivet blir utforma og kva konsekvensar dette får for Øygarden kommune. Fleire store investeringar står for tur som mellom anna ny miljøstasjon på Straume og investeringar innan vatn og avløp som gradvis vil auke lånegjelda i tida framover.

Overgangen til sirkulærøkonomi vil tvinge fram ei meir omfattande innsamling og slutthandsaming av avfall. Dette vil på sikt føre til auka gebyr innan området.

I 2023 blei det innført forbrenningsavgift på 120 kr/tonn på avfall som går til BIR sitt anlegg i Rådalen, og i 2024 auka avgifta til 480 kr/tonn. Konsekvensen av forbrenningsavgift vil føre til at kostnadene i 2024 vil auke med om lag 3,7 millionar kroner, som ikkje var teke omsyn til i budsjettet. Samstundes har ØyVAR redusert driftskostnadane i perioden, slik at effekten blir omlag 2–2,5 millionar kroner utover budsjett. Det er signalisert at CO₂-avgifta skal stige i åra som kjem.

Innan vassforsyninga vil arbeidet med å knyte saman heile kommunen i eitt system fortsette. Dette er ei prioritert oppgåve for å sikre god leveringssikkerheit i vassforsyninga.

Takk til dei tilsette

Styret ønskjer å rette ein stor takk til alle tilsette for god innsats. Det er dagleg lagt ned målretta arbeid som er avgjerande for at vi skal kunne levere gode og trygge VAR-tenester i kommunen. For å drive ØyVAR framover som samfunnsaktør og miljøbedrift er vi avhengige av motiverte, dyktige og endringsvillige medarbeidarar og det viktige arbeidet dei gjer.

Styret i ØyVAR AS
Straume, 29. april 2024



Børge Haugetun
Styreleiar



Ingvill Kvalsnes Blom
Nestleiar



Liv Trellevik
Styremedlem



Tommy Angeltveit
Styremedlem



Cathrine Østervold
Styremedlem



Ketil Christensen
Styremedlem



Tonje Tangen Alvsvåg
Styremedlem



Bjarne Ulvestad
Adm. direktør



Resultatrekneskap

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2023	2022
Kommunale årsgebyr og tilknytningsgebyr		260 268 843	225 559 670
Andre driftsinntekter		9 232 642	9 529 710
Sum driftsinntekter	1	269 501 485	235 089 380
Varekostnad		54 786 061	49 273 942
Lønskostnad	2, 3	44 802 899	41 301 993
Avskrivning	4	49 249 917	48 310 289
Nedskrivning av driftsmiddel og immaterielle eignelutar	4	1 036 433	0
Andre driftskostnader	1, 2	73 419 960	67 365 245
Sum driftskostnader		223 295 270	206 251 468
Driftsresultat		46 206 215	28 837 911
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Andre renteinntekter		4 011 787	2 143 572
Andre finansinntekter		5 098	3 118
Andre rentekostnader		49 277 910	26 187 033
Andre finanskostnader		138	14 391
Resultat av finanspostar		-45 261 163	-24 054 734
Resultat før skattekostnad		945 052	4 783 177
Skattekostnad på resultat	5	67 267	137 963
Årsresultat		877 785	4 645 214
OVERFØRINGAR OG DISPONERINGAR			
Overføring til annan eigenkapital	6, 7	4 842 597	21 408 345
Overføring til (frå) annan eigenkapital renovasjon næring	6	331 429	-9 656
Sjølvkostresultat overført til/frå sjølvkostfond	7	-4 296 241	-16 753 475
Sum overføringer		877 785	4 645 214

Balanse

Anleggsmiddel	Note	2023	2022
IMMATERIELLE EIGNELUTAR			
Heimeside	4	9 436	19 730
Sum immaterielle eignelutar		9 436	19 730
VARIGE DRIFTSMIDDEL			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	4	22 045 842	13 778 471
Anlegg i drift	4	1 076 134 684	1 108 694 279
Driftslausøyre, inventar, verktoy, kontormaskiner o.l.	4	10 343 124	11 701 529
Anlegg under utbygging	4	46 158 780	28 594 680
Sum varige driftsmiddel		1 154 682 431	1 162 768 959
FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL			
Innskot i KLP	3	970 195	867 205
Sjølvkostfond	7	10 889 619	8 003 510
Sum finansielle anleggsmiddel		11 859 814	8 870 715
Sum anleggsmiddel		1 166 551 681	1 171 659 404
Omløpsmiddel			
Varer		221 238	1 040 114
Sum varer		221 238	1 040 114
FORDRINGAR			
Kundefordringar	1,8	5 530 711	4 445 286
Forskotsbetalte kostnader og andre fordringar		3 510 393	1 987 131
Sum fordringar	9	9 041 104	6 432 417
Bankinnskot, kontantar og liknande	10	97 001 598	65 560 125
Sum omløpsmiddel		106 263 940	73 032 656
Sum eignelutar		1 272 815 621	1 244 692 060

Eigenkapital

Note

2023**2022****INNSKOTEN EIGENKAPITAL**

Aksjekapital	6, 11	10 000 000	10 000 000
Overkurs	6	25 000 000	25 000 000
Annan innskoten eigenkapital	6	15 709 651	15 709 651
Sum innskoten eigenkapital		50 709 651	50 709 651

OPPTENT EIGENKAPITAL

Annan eigenkapital	6	48 890 714	43 716 688
Sum opptent eigenkapital		48 890 714	43 716 688
Sum eigenkapital		99 600 365	94 426 339

Gjeld**AVSETJING FOR FORPLIKTINGAR**

Pensjonsforplikting	3	5 381 223	8 495 951
Sjølvkostfond	7	7 083 091	8 493 223
Sum avsetjing for forpliktingar		12 464 314	16 989 174

ANNA LANGSIKTIG GJELD

Gjeld til kredittinstitusjonar	9	1 094 722 246	1 088 050 506
Sum anna langsiktig gjeld		1 094 722 246	1 088 050 506


KORTSIKTIG GJELD

Leverandørgjeld	1	27 442 500	22 751 739
Skatt til betaling	5	67 267	137 963
Skuldig offentlege avgifter		8 578 387	5 490 181
Anna kortsiktig gjeld	12	29 940 542	16 846 157
Sum kortsiktig gjeld		66 028 696	45 226 041


Sum gjeld		1 173 215 256	1 150 265 721
------------------	--	----------------------	----------------------

Sum eigenkapital og gjeld		1 272 815 621	1 244 692 060
----------------------------------	--	----------------------	----------------------

Styret i ØyVAR AS
Straume, 29. april 2024



Børge Haugetun
Styreleiar



Ingvill Kvalsnes Blom
Nestleiar



Liv Trellevik
Styremedlem




Tommy Angeltveit
Styremedlem



Cathrine Østervold
Styremedlem



Ketil Christensen
Styremedlem



Tonje Tangen Alvsvåg
Styremedlem



Bjarne Ulvestad
Adm. direktør

Kontantstraumoppstilling

KONTANTSTRAUM FRÅ DRIFTA

	Note	2023	2022
Resultat før skattekostnad		945 052	4 783 177
Betalt skatt i perioden	5	-137 963	-161 248
Ordinære avskrivningar	4	49 249 917	48 310 289
Nedskrivning anleggsmidler	4	1 036 433	0
Endring i varer		818 876	-766 755
Endring i kundefordringer		-1 085 425	5 525 472
Endring i leverandørgjeld		4 690 761	3 458 905
Forskjell i pensjonsmidlar/-forpliktingar	3	-3 114 728	-389 158
Endring i andre tidsavgrensingspostar		14 471 620	2 002 789
Netto kontantstraum frå drifta		66 874 543	62 763 471

KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR

Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmiddel	4	-42 001 820	-48 239 745
Utbetalinger ved kjøp av aksjar og partar		-102 990	-85 873
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar		-42 104 810	-48 325 618

KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR

Innbetalinger ved opptak av ny langsiktig gjeld	9	49 000 000	0
Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	9	-42 328 260	-41 679 252
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar		6 671 740	-41 679 252

Netto endring i likvidar i året		31 441 473	-27 241 399
Kontantar og bankinnskot pr. 01.01.		65 560 125	92 801 525
Kontantar og bankinnskot pr. 31.12.		97 001 598	65 560 125

Notar til rekneskapen

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk. Årsrekneskapen er sett opp under føresetnad om at drifta skal halde fram. I samsvar med rekneskapslova § 3-3 blir det stadfesta at føresetnaden for vidare drift er til stades.

SJØLVKOSTFOND

ØyVAR AS har ikkje som føremål å skaffe aksjonæren økonomisk utbytte. Selskapet har derfor valt å synleggjere opptente midlar knytte til sjølvkostverksemda som eit sjølvkostfond, sidan dette er forskotsbetalingar frå kundane. For lite innbetalt frå kundane synleggjerast som ein fordring.

SALSINNTEKTER

Frå 1. oktober 2014 overtok ØyVAR AS ansvaret for utfakturering av dei kommunale vass-, avløps- og renovasjonsgebyra. Årsgebyr blir rekna inn over abonnementsperioden. Kundar som nyttar vassmål, blir fakturerte a konto seks gonger, med endeleg avrekning på slutten av året etter faktisk forbruk. Tilknytingsgebyr blir inntektsførte i det året tilknytninga skjer. ØyVAR AS har sikra sine krav gjennom legalpant i dei respektive eigedomane.

Sal av andre varer blir inntektsført på leveringstidpunktet. Tenester blir inntektsførte etter kvart som dei blir utførte.

HOVUDREGEL FOR VURDERING OG KLASSIFISERING AV EIGNELUTAR OG GJELD

Eignelutar som er bestemte til varig eige eller bruk i verksemda, er klassifiserte som anleggsmiddel. Andre eignelutar er klassifiserte som omløpsmiddel. Fordringar som skal betalast tilbake innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagde til grunn.

Anleggsmiddel blir vurderte til kost, men nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er venta å ikkje vere forbigåande. Langsiktige lån blir balanseførte til nominelt motteke beløp på etableringstidpunktet.

Omløpsmiddel blir vurderte til den lågaste verdien av kost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført som nominelt motteke beløp på etableringstidpunktet.

FORDRINGAR

Kundekrav og andre krav er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av en bloc-avsetjing på 2 % av fordringsmassen. Spesifikke fordringar blir nedskrivne når leiinga meiner at dei ikkje kan drivast inn heilt eller delvis.

VAREBEHALDNING

Lager av innkjøpte varer er verdsett til den lågaste verdien av anskaffingskost og verkeleg verdi. Anskaffingskost blir vurdert etter FIFO-prinsippet.

VARIGE DRIFTSMIDDEL

Varige driftsmiddel blir balanseførte og avskrivne over driftsmiddelet si økonomiske levetid dersom levetida er over 3 år. Vedlikehald av driftsmiddel blir kostnadsført etter kvart som det blir utført, medan påkostnad eller forbetring blir lagt til kostprisen på driftsmiddelet og avskriven over resterande økonomisk levetid. Utgifter til forskning og utvikling blir resultatførte når dei oppstår. Avskrivingar følgjer ein lineær avskrivningsplan.

Leide (leasede) driftsmiddel blir balanseført som driftsmiddel hvis leigekontrakten anses som finansiell. Utgifter til leige av øvrige driftsmiddel kostnadsføres som operasjonell. Forskuddsbetalingar blir balanseført som forskotsbetalt kostnad, og fordelast over leigeperioden.

PENSJONAR

Verksemda har kollektiv (felles) pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) for dei tilsette. I samband med fusjonen med Sund VA har selskapet også overtatt pensjonsordninga i Nordea for eit fåtall tilsette. Ordninga i KLP inkluderer også tariffesta AFP-ordning frå fylte 62 år. Ordningane er ytingsplanar, dvs. at selskapet har det økonomiske ansvaret for at dei tilsette får dei avtalte ytingane. Dei tilsette betaler premie tilsvarande 2 % av løna, og selskapet betaler resten av premien. Dei ytingsbaserte pensjonsordningane blir vurderte til noverdien av dei framtidige pensjonsytingane som er rekneskapsmessig opptente på balansedagen. Pensjonsmidlar blir vurderte til verkeleg verdi.

Endringar i ytingsbaserte pensjonsforpliktingar som skuldast endringar i pensjonsplanar, blir fordelte over antatt gjennomsnittleg resterande oppteningstid.

Akkumulert verknad av estimatendringar og endringar i finansielle og aktuarielle føresetnader (aktuarielle vinstar og tap) under 10 % av det som er størst av pensjonsforpliktingane og pensjonsmidlane ved starten på året, blir ikkje rekna inn. Når den akkumulerte verknaden er over 10 %-grensa ved starten på året, blir det overskytande resultatført over antatt gjennomsnittleg resterande oppteningstid.

Periodens netto pensjonskostnad blir klassifisert som løns- og personalkostnader.

SKATT

ØyVAR AS har ikkje som føremål å skaffe aksjonæren økonomisk utbytte. Eit eventuelt overskot i verksemda skal berre nyttast til å realisere selskapet sitt ideelle føremål. På bakgrunn av dette har Skatt Vest etter ei samla vurdering kome til at selskapet ikkje har erverv til formål med noverande verksemd, og at det derfor skal fritakast for formues- og inntektsskatt.

Etter lovendring av 01.07.2004 skjer handtering av avfall frå bedriftskundar i fri konkurranse med andre aktørar.

ØyVAR AS er ikkje lovpålagt å gje eit renovasjonstilbod til slike kundar, og lova krev ikkje at denne tenesta skal drivast etter sjølvkostprinsippet. Likningskontoret har bede om at det blir levert skattemelding for denne delen av verksemda. ØyVAR AS betaler derfor skatt berre av netto inntekter relatert til handtering av avfall frå bedriftskundar. Skattepliktig resultat avvik dermed frå det ordinære resultatet til heile selskapet.

VALUTA

Transaksjonar i utenlandsk valuta blir omregnet til kursen på transaksjonstidspunktet. Pengepostar i utenlandsk valuta blir omregnet til norske kroner ved å nytte kursen på balansedagen. Ikkje-pengepostar som målast til historisk kurs uttrykt i utenlandsk valuta, blir omregnet til norske kroner ved å nytte valutakursen på transaksjonstidspunktet. Ikkje-pengepostar som blir målet til virkeleg verdi uttrykt i utenlandsk valuta, blir omregnet til valutakursen fastsatt på måletidspunktet. Valutakursendringar resultatførast løpande i rekneskapsperioden under andre finanspostar.

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar.

NOTE 1 Mellomvære og transaksjonar med nærstående partar

ØYGARDEN KOMMUNE	2023	2022
Kundefordringar	218 811	265 338
Leverandørgjeld	614 313	29 780
Tenestekjøp (uten mva)	3 273 248	1 443 903
Tenestosal (uten mva)	12 461 714	9 952 930

NOTE 2 Løn, godtgjersle, lån til tilsette m.m.**LØNSKOSTNADER**

	2023	2022
Løn	32 477 679	30 135 826
Arbeidsgivaravgift	6 348 609	5 398 027
Pensjonskostnader ekskl. arbeidsgivaravgift og adm.	5 246 621	5 082 907
Andre ytingar	729 989	685 233
Sum	44 802 899	41 301 993
Gjennomsnittleg tal årsverk sysselsett i rekneskapsåret	50	48

Det er ikkje gitt lån eller sikkerheitsstillingar til fordel for medlemmar av styret eller til anna administrasjon-, ledelses- eller kontrollorgan.

YTINGAR TIL LEIANDE PERSONAR

	Dagleg leiar	Styret
Løn	1 513 520	0
Pensjonsutgifter	380 238	0
Styrehonorar	0	271 700
Anna godtgjerelse	7 236	0
Sum	1 900 994	271 700

REVISOR

Kostnadsført honorar til revisor for 2023 utgjør kr 238 000,- eksl. mva.

	2023
Lovpålagt revisjon	166 950
Andre revisjonsrelaterte tenester	8 350
Teknisk utarbeiding av rekneskap og likning	62 700
Sum	238 000

NOTE 3 Pensjonar

Verksemda pliktar å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Selskapets pensjonsordningar tilfredsstiller krava i denne lova.

Verksemda har pensjonsordningar som omfattar alle selskapets tilsette. Pr. 31.12.2023 omfattar pensjonsordninga 59 aktive tilsette, inkludert vikarar og deltidstilsette, 19 pensjonar og 38 med oppsette rettar. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Forpliktinga er i hovudsak dekkja gjennom Kommunal Landspensjonskasse (KLP), men i samband med fusjonen med Sund VA har verksemda overtatt ordninga i Nordea som gjeld for eit fåtall ansatte.

Kommunal Landspensjonskasse (KLP)

	2023	2022
Noverdi av årets pensjonsopptening	5 837 096	6 042 359
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	1 844 796	1 063 427
Avkasting på pensjonsmidlane	-2 680 018	-1 657 374
Administrasjonskostnader	180 993	163 090
Arbeidsgivaravgift	730 784	791 222
Netto pensjonskostnad	5 913 651	6 402 724
Opptente pensjonsforpliktingar	74 428 411	56 160 321
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi)	62 628 218	48 552 262
Arbeidsgivaravgift	1 663 827	1 072 736
Ikkje-resultatført verknad av estimatavvik	-7 086 688	-44 632
Netto pensjonsforplikting	6 377 332	8 636 163

ØKONOMISKE FØRESETNADAR

Diskonteringsrente	3,10 %	3,00 %
Forventa lønsvekst	3,50 %	3,50 %
Forventa G-regulering	3,25 %	3,25 %
Forventa pensjonsregulering	2,80 %	2,63 %
Forventa avkasting	5,30 %	5,20 %

EIGENKAPITALTILSKOT I KLP

	Sum
Bokført innskot 31.12.2022	867 205
Eigenkapitalinnskot 2023	102 990
Bokført innskot 31.12.2023	970 195

Nordea

	2023	2022
Noverdi av årets pensjonsopptening	336 117	324 762
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	238 795	138 926
Avkasting på pensjonsmidlane	-476 507	-299 010
Administrasjonskostnader	182 000	175 000
Arbeidsgivaravgift	160 219	5 455
Resultatført estimatavvik	0	0
Netto pensjonskostnad	440 623	345 133
Opptente pensjonsforpliktingar	8 949 950	7 997 399
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi)	9 650 000	8 724 000
Arbeidsgivaravgift	0	0
Ikkje-resultatført verknad av estimatavvik	-296 059	586 389
Netto pensjonsforplikting	-996 109	-140 212

ØKONOMISKE FØRESETNADAR

Diskonteringsrente	3,10 %	3,00 %
Forventa lønsvekst	3,50 %	3,50 %
Forventa G-regulering	3,25 %	3,25 %
Forventa pensjonsregulering	1,80 %	1,50 %
Forventa avkasting	5,30 %	5,20 %

Dei aktuarmessige føresetnadene er baserte på vanlege nytta føresetnader innan forsikring når det gjeld demografiske faktorar.

NOTE 4 Varige driftsmiddel og immaterielle eignelutar**VARIGE DRIFTSMIDDEL**

	Tomter, bygningar og annan fast eigedom	Anlegg i drift	Anlegg under utbygging	Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontor- maskiner o.l.	Sum
Anskaffingskost 01.01.	14 507 719	1 431 352 319	28 711 775	34 586 494	1 509 158 305
Tilgang i året	8 486 734	2 882 774	28 618 173	2 014 137	42 001 820
Overføring	0	11 171 168	-11 171 168	0	0
Avgang i året	0	0	0	0	0
Anskaffingskost 31.12.	22 994 453	1 445 406 261	46 158 780	36 600 631	1 551 160 125
Akk. av- og nedskrivning 31.12.	-948 611	-369 271 577	0	-26 257 508	-396 477 696
Bokført verdi 31.12.2023	22 045 842	1 076 134 684	46 158 780	10 343 124	1 154 682 431
Bokført verdi 01.01.2023	13 778 472	1 108 694 279	28 594 680	11 701 528	1 162 768 959
Årets avskrivning	289 977	45 577 104		3 372 542	49 239 623
Årets nedskrivning		1 036 433			1 036 433
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær		Lineær	
Økonomisk levetid	10 år*	20–40 år		3–5 år	

*) Tomter er bokført til kr 19 471 260 og vert ikkje avskrevne.

IMMATERIELLE EIGNELUTAR

	Heimeside	Sum
Anskaffingskost 01.01.2023	49 505	49 505
Anskaffingskost 31.12.2023	49 505	49 505
Akk. av- og nedskrivning 31.12.	-40 069	-40 069
Bokført verdi 31.12.2023	9 436	9 436
Årets avskrivning, nedskrivning og reversering	10 294	

Avskrivningsplan: Lineær
Økonomisk levetid: 10 år*

NOTE 5 Skatt

Verksemda har i hovudsak skattefritak (sjå rekneskapsprinsipp om skatt i note 1). Skattepliktig resultat er berre resultat for den skattepliktige delen av verksemda. Det er derfor ikkje direkte samsvar mellom ordinært resultat i reknesken og i skattenoten

ÅRETS SKATTEKOSTNAD

	2023	2022
Skatt til betaling	67 267	137 963
Årets totale skattekostnad	67 267	137 963

BEREKNING AV ÅRETS SKATTEGRUNNLAG

Ordinært resultat før skattekostnad	398 696	128 307
Permanente forskjellar	88 867	521 924
Endring i mellombelse forskjellar	-181 806	-23 126
Årets skattegrunnlag	305 757	627 105
Skatt til betaling (22 %) av årets skattegrunnlag	67 267	137 963
Sum skatt til betaling	67 267	137 963

OVERSIKT OVER MELLOMBELSE FORSKJELLAR

Netto pensjonsforplikting ført i balansen	-101 470	-283 276
Netto mellombelse forskjellar pr. 31.12.	-101 470	-283 276
Utsett skattefordel, 22 %	-22 323	-62 321

Utsett skattefordel er ikkje balanseført.

NOTE 6 Eigenkapital

	Aksjekapital	Overkurs	Annan innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital pr. 01.01.	10 000 000	25 000 000	15 709 651	43 716 6988	94 426 339
Årsresultat renovasjon næring	0	0	0	331 429	331 429
Årsresultat annan næring	0	0	0	4 842 597	4 842 597
Eigenkapital pr. 31.12.	10 000 000	25 000 000	15 709 651	48 890 714	99 600 365

NOTE 7 Sjølvkostrekneskap

ØyVAR AS fører sin selskapsrekneskap etter lov om årsregnskap m.v. Grunnlaget for sjølvkostkalkylane til ØyVAR AS vil vere rekneskapsførte inntekter og kostnader ifølgje reglane i rekneskapslova. Etterkalkylen er basert på eit samandrag av rekneskapsuttrekk frå selskapsrekneskapen. Kalkylen inkluderer også eventuelle forskjellar i periodisering og årets finansielle resultat. Men forskjellar skal tilbakeførast over fem år. ØyVAR AS forventar at avløpsfondet blir redusert dei komande åra, då det er planlagt større vedlikehald og investeringar knytte til avløpsavdelinga.

Selskapet nyttar kalkylerenter i 2023. Bruk av kalkylerenter i staden for faktisk rente kan skape problem, fordi det over tid blir ulik rente mellom sjølvkostrekneskapen og rekneskapen ifølgje reglane i rekneskapslova.

KVA ER SJØLVKOST:

Sjølvkost inneberer at kommunens kostnader med å yte tenestene skal dekkes av gebyr som brukarane av tenestene betaler. Kommunen har ikkje anledning til å tene pengar på tenestene. For å kontrollere at dette ikkje skjer må kommunen, etter kvart rekneskapsår, utarbeide ein sjølvkostkalkyle som viser sjølvkostregnskapet for det enkelte gebyrområdet. Elementa i ein sjølvkostkalkyle avviker frå kommunens ordinære driftsregnskap og vil ikkje vere direkte samanliknbare.

KALKULATORISKE KAPITALKOSTNADER:

Ved berekning av kalkulatoriske kapitalkostnader (avskrivningar og renter) skal framandfinansiering trekkast ut av berekningsgrunnlaget. Kalkulatorisk rentekostnad inngår ikkje i ØyVARs driftsregnskap, men representerer ein alternativ avkastning som ØyVAR går glipp av ved at kapital er bunden i anleggsmidlar. Den kalkulatoriske rentekostnaden bereknast med utgangspunkt i anleggsmidlanes

restavskrivingsverdi og ei kalkylerente. Kalkylerenta er årsgjennomsnittet av 5-årig swap-rente + 1/2 %-poeng. I 2023 var denne lik 4,3 %.


INDIREKTE DRIFTSUTGIFTER OG HANDTERING AV OVER- OG UNDERSKOT:

Sjølvkostforskrifta fastset regler for kva for kostnader som kan inngå i gebyrgrunnlaget. Vidare er det bestemt at eventuelle overskot skal avsettast til bundne sjølvkostfond. Eit overskot frå eit enkelt år skal tilbakeførast til brukarane i form av lågare gebyr i løpet av ein femårsperiode. Ein generasjon brukare skal ikkje subsidiere neste generasjon, eller omvendt. Kostnadane ved tenestene som ytes i dag skal dekkast av dei brukarane som drar nytte av tenesta. Dette inneberer at dersom kommunen ved ØyVAR har overskot som er eldre enn fire år, må dette i sin heilheit gå til reduksjon av gebyra det kommande budsjettåret. Eksempelvis må eit overskot som stammer frå 2023 i sin heilheit være disponert innan 2028.

KRAV OM UTARBEIDING AV KALKYLAR:

I tillegg til å utarbeide ein etterkalkyle for kvar betalings-teneste må kommunen utarbeide forkalkyler i forkant av budsjettåret for å estimere drifts- og kapitalkostnader for neste økonomiplanperiode. Forkalkylane gir grunnlaget for kommunens gebyrsatsar. Ved budsjettering er det ein rekke usikre faktorar, blant anna framtidig kalkylerente, utvikling av tal på brukare og generell etterspurnad. I tillegg til å overhalde generasjonsprinsippet bør kommunen ha målsetning om minst mogleg svingingar i dei kommunale gebyra. Resultatet for 2023 var ikkje kjent ved budsjettarbeidet i fjor haust. Dette fører til avvik mellom prognoser i budsjettet for 2024 og etterkalkylen for 2023.

KVA ÅR STAMMER FONDSMIDLENE FRÅ?



ETTERKALKKYLE SJØLVKOST 2023

	Totalt	Vatn	Avløp	Slam	Renovasjon	Kontroll og tilsyn av private avløpsanlegg	Kommunalt næringsavfall
Gebyrinntekter	257 113 743	97 498 964	94 207 195	6 435 040	55 432 631	264 757	3 275 156
Øvrige driftsinntekter	7 152 783	134 409	80 093	20 000	6 687 582	0	230 699
Driftsinntekter	264 266 526	97 633 373	94 287 288	6 455 040	62 120 213	264 757	3 505 855
Direkte driftsutgifter	147 048 301	49 692 404	35 256 903	6 846 168	52 033 976	296 146	2 922 705
Avskrivningskostnad	52 026 220	25 517 778	24 077 828	2 185	2 422 855	56	5 518
Kalkulatorisk rente (4,3 %)	48 528 187	19 717 897	27 161 943	4 227	1 639 669	109	4 342
Indirekte netto driftsutgifter	20 570 276	7 837 363	6 574 754	1 391 278	4 200 110	19 124	547 648
Indirekte avskrivningskostnad	1 247 786	475 750	410 049	49 579	296 520	909	14 980
Indirekte kalkulatorisk rente (4,3 %)	870 003	272 890	242 244	23 103	323 931	448	7 386
Driftskostnader	270 290 773	103 514 082	93 723 720	8 316 539	60 917 061	316 791	3 502 580
+/- Tilskot av frie midlar*	2 913 015	2 913 015	0	0	0	0	0
+/- Gevinst/tap ved sal/utringering av anleggsmiddel	-1 115 263	0	0	0	-1 111 987	0	-3 276
Resultat	-4 226 495	-2 967 694	563 568	-1 861 499	91 165	-52 035	0
Sjølvcostgrad (%)	100 %	94,3 %	100,6 %	77,6 %	102,0 %	83,6 %	100,0 %
Sjølvcostfond 01.01	8 493 225	551 418	6 239 374	1 702 432	0	0	0
+ Avsetning til sjølvcostfond	563 568	0	563 568	0	0	0	0
- Bruk av sjølvcostfond	-2 253 851	-551 418	0	-1 702 432	0	0	0
+ Kalkulert renteinntekt sjølvcostfond (4,3 %)	280 149	0	280 149	0	0	0	0
Sjølvcostfond 31.12 (inkl. rente)	7 083 091	0	7 083 091	0	0	0	0
Framførbart underskot 01.01	-8 003 510	0	0	0	-7 981 617	-21 893	0
+ Inndekning av framførbart underskudd	91 165	0	0	0	91 165	0	0
- Underskot til framføring	-2 627 377	-2 416 276	0	-159 066	0	-52 035	0
- Kalkulert rentekostnad framførbart underskot (4,3 %)	-349 895	-40 057	0	33 152	-340 932	-2 058	0
Framførbart underskot 31.12 (inkl. rente)	-10 889 619	-2 456 333	0	-125 915	-8 231 384	-75 986	0
Gebyrinntekter	257 113 743	97 498 964	94 207 195	6 435 040	55 432 631	264 757	3 275 156
Gebyrgrunnlag	261 340 238	100 466 658	93 643 627	8 296 539	55 341 466	316 791	3 275 156
Finansiell dekningsgrad (%)	98,4 %	97,0 %	100,6 %	77,6 %	100,2 %	83,6 %	100,0 %

*Tilskot av frie midlar på kr 2 913 015 til gebyrområde «vatn» er knyttet til ein avdekket feil i vannmåleroppgeret for 2022, som vart dekt av frie midlar.

NOTE 8 Kundefordringar

	2023	2022
Kundefordringar	5 643 711	3 210 498
Opptente, ikkje-fakturerte inntekter	0	1 299 788
En bloc-avsetjing for forventta tap	-113 000	-65 000
Sum	5 530 711	4 445 286

NOTE 9 Fordringar, gjeld, pant og garantiar m.v

	2023	2022
Kommunal Landspensjonskasse	757 419 668	752 268 080
Kommunalbanken Norge	118 394 770	122 700 030
Nordea (frå Sund VA)	4 021 468	4 686 136
Sum	879 835 906	879 654 246

Gjeld som er sikra ved pant o.l.	1 094 722 246
----------------------------------	---------------

Øyvar AS sine lån er tekne opp som serielån med resterande tid 10–40 år. Dei er dessutan fullt ut sikra med sjølvskuldmarkausjon frå Øygarden kommune.

Selskapet har inngått avtale om rentesikring for delar av sine lån. Rentesikringa er eit ledd i selskapet sitt ønske om føreseielege rentebetalningar for å hindre store resultatutslag som følgje av rentesvingingar, og for å redusera risikoen knytt til låna.

Estimert negativ marknadsv Verdi av rentesikringsavtalen pr. 31.12.2023 er vist nedanfor.

	Handelsdato	Betal/ta imot – kurs	Hovudstol	Forfallsdato	Marknadsv Verdi 31.12.2023
Renteswap	03.12.2009	Ta imot 4,75 %	30 400 000	08.04.2024	722 744
Renteswap	03.12.2009	Betal 4,97 %	30 400 000	08.04.2024	-758 528
Renteswap	12.06.2020	Ta imot 4,69 %	7 344 808	03.03.2025	362 542
Renteswap	12.06.2020	Betal 1,93 %	7 344 808	03.03.2025	-166 066
Renteswap	03.12.2009	Ta imot 4,71 %	50 973 510	31.12.2030	7 624 090
Renteswap	03.12.2009	Betal 4,79 %	50 973 510	31.12.2030	-11 166 974
Sum					-3 382 192

Eigaren av selskapet, Øygarden kommune, har stilt kommunal garanti for totalt ni lån.

Sum av opprinneleg låneopptak er kr 1 344 611 777, der restlån per 31.12.2023 er kr 1 094 722 246.

NOTE 10 Bankinnskot

Av selskapet sine bankinnskot er følgjande bundne skattetrekksmidlar:

	2023	2022
Bundne skattetrekksmidlar	1 731 680	1 622 078

NOTE 11 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

AKSJEKAPITALEN BESTÅR AV

	Tal	Pålydande	Balanseført
Ordinære aksjar	10 000	1 000	10 000 000

AKSJONÆRAR I SELSKAPET PR. 31.12.2023

	Ordinære aksjer	Eigarpart	Stemmerett
Øygarden kommune	10 000	100 %	100 %

Selskapet har ein aksjeklasse og alle aksjer har lik stemmerett.

NOTE 12 Anna kortsiktig gjeld

	2023	2022
Utsatt inntekt	7 978 208	4 999 892
Skuldig løn og feriepengar	4 006 152	3 800 519
Påkomne renter	9 825 153	6 692 854
Andre påkomne kostnader	8 131 029	1 352 894
Sum	29 940 542	16 846 159

Revisors beretning



BDO AS
Inger Bang Lunds vei 4
5059 Bergen

Melding frå uavhengig revisor

Til generalforsamlinga i ØYVAR AS

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til ØYVAR AS.

Årsrekneskapen består av:

- Balanse per 31. desember 2023
- Resultatrekneskap for 2023
- Oppstilling over kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per 31. desember 2023
- Notar til årsrekneskapen, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening:

- Oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- Gjev årsrekneskapen eit rettvise bilete av den finansielle stillinga i selskapet per 31. desember 2023, og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet, i samsvar med krava i lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale standardane om habilitet), utgjeve av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og vi har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Annan informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for annan informasjon. Annan informasjon består av årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje annan informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese annan informasjon identifisert ovanfor for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har plikt til å rapportere dersom annan informasjon framstår som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på kunnskapen vi har opparbeida oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningar som skal givast i tråd med gjeldande lovkrav.



Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at det gjev eit rettvisebilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er òg ansvarleg for slik intern kontroll som den finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til vidare drift og opplyse om forhold av betydning for vidare drift. Føresetnaden om vidare drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen, så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For vidare beskriving/omtale av revisor sine oppgåver og plikter visast det til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

BDO AS

Charlotte Bårdsen
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

STYRET 2023

Børge Haugetun, leiar

Ingvill Kvalsnes Blom, nestleiar

Liv Trellevik

Tommy Angeltveit

Ketil Christensen

Tonje Tangen Alvsvåg

Cathrine Østervold, for dei tilsette

BEDRIFTSLEIING

Bjarne Ulvestad, dagleg leiar

Stig Hagenes, fagleiar vatn og avløp

Espen Elstad, fagleiar renovasjon

Tore Brakstad, fagleiar utbygging

Marianne Vindenes, personal-
og økonomileiar

Hilde Vik Halleraker, leiar for
kvalitetssikring og HMS

REVISJON

BDO AS

Inger Bang Lundsvei 4

5059 Bergen



ØyVAR AS

Lonavegen 20, 5353 Straume

postboks@oyvar.no

Org. nr. 985 345 899

www.oyvar.no

